



DEN NORSKE KYRKJA

Samle staben til allmøte!



Ein gong i månaden er det allmøte for alle tilsette i Den norske kyrkja. På allmøta får du nyttig informasjon og siste nytt – og du kan kjenne deg som ein del av eit stort arbeidsfellesskap. Samle staben og følg møtet i fellesskap!

Neste allmøte er onsdag i neste veke, 23. februar kl 09.00. På dette allmøtet vil det mellom anna bli informasjon om årets fasteaksjon, siste nytt om kyrkjeleg organisering og drop-in-dåp.

Mange tilsette har velfortent vinterferie dei neste vekene. Allmøtet kan sjåast i opptak når det passsar.

Allmøtet varar ein halv time og vert tolka til teiknspråk. Både opptak og direktesending ligg på kyrkja.no/allmøte. Sjå det gjerne i lag med kollegene dine!

[Følg allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



Hugs tilbakemeldingsmøte

I september 2021 vart det gjennomført medarbeiderundersøking for alle som jobbar i Den norske kyrkja. Innan utgangen av mars skal alle ha gått gjennom resultatata i sin stab. Nasjonale resultat og leiarressursar for gjennomføring av tilbakemeldingsmøter og tiltak er tilgjengeleg på nett.

[Les meir](#)



Frelst i en fei

I 2021 har Stien Ellinggard undersøkt drop-in-dåp. Han har sett på korleis drop-in-dåp opnar opp, men også kan bidra til privatisering av dåpshandlinga. Resultata frå arbeidet vert presentert på Olavstipendseminaret onsdag 16. februar kl 10.00. Følg seminaret digitalt her.

[Les meir](#)



Ny biskop i Borg bispedømme

Kari Mangrud Alvsvåg er tilsett som biskop i Borg bispedømme. Kyrkjerådet gjorde tilsetjinga på sitt møte 10. februar. – Eg vil jobbe for ei varm og åpen kyrkje som alltid formidlar Guds kjærleik, seier den nye biskopen.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Lokal og global kyrkje? Korleis vert Kyrkjemøtevedtaket fulgt opp i praksis?

17. februar kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Korleis bidreg kyrkjelyden til å oppfylle berekraftsmåla?

24. februar kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Kyrkja i det allmenne kulturliv: Kva skjer lokalt og regionalt i kulturpolitikken?

03. mars kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Fellesskap som beskyttar

10. mars kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Nye godkjenningrutiner

Med ny trussamfunnslov frå 2020 er det Kyrkerådet som har ansvar for å godkjenne bygging av nye kyrkjer. Før var det departementet som gjorde dette. Nye Sædalen kirke i Bergen blir først ut.

[Les meir her](#)



Ny ressurs om migrasjon og asylpolitikk

Mellomkyrkjeleg råd sitt ressursdokument for kyrkja sitt arbeid med migrasjon, asylpolitikk og solidaritet med menneske på flukt er no tilgjengeleg.

[Les meir her](#)



Rekruttering av frivillige

Nettstaden frivillig.no er ei nettside der organisasjonar og kyrkjelydar kan registrere seg for å rekruttere frivillige. Dette er eit verkøy som fleire i kyrkja kan ta i bruk.

[Les meir her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no